



/// **Årsplan 2023-2025**
Kvernhusaugen barnehage



Innhald

- 1: Om barnehagen
- 2: Sogndal kommune sin visjon og verdiar
- 3: Barnehagen sine rammer og retningslinjer
- 4: Barnehagen sin visjon og verdiar.
- 5: samanhengar, mangfald
- 6: Barnehagen sitt Årshjul, fagområda, vaksenrolla, vurdering
- 7: Dagsrytmen

Vedlegg

- 1: I dag har eg berre leika..
- 2: BTI – modell
- 3: Tryggleiksmodellen



Om barnehagen

Kvernhusaugen er ein nyoppretta midlertidig kommunal barnehage med plass til 30 barn/42 plassar. I år har me 27 barn, i alderen 1-5 år.

Barnehagen ligg flott til ved anlegget til Kaupanger Idrettslag.

Barnehagen har eit uteområde som ligg til rette for lek og utfolding.

Tett til barnehagen har me to fotballbaner, Tuftepark, lavvo, lysløype, merka turområde og mykje skog som innbyr til mykje lek og utforsking.

I nærmiljøet har me gåavstand til Det Heiberske museum og Vite Meir senteret.

Opningstida vår er: kl. 0720 – kl.1620

Avdeling Haugen tlf: 476 63 570, med plass til 12 barn

Avdeling Skogen tlf: 476 64 085, med plass til 18 barn

Barnehagen har Visma app som er eit arbeidsredskap for kommunikasjon mellom heim—barnehage.

Kontor v/ tenesteleiar Merete Lefdal

Tlf. 470 10 283

Tlf. 476 01 357

e-post: Merete.lefdal@sogndal.kommune.no

Kvernhusaugen barnehage: kvernhusaugen.barnehage@sogndal.kommune.no

Heimesida vår: [kvernhusaugen barnehage - SOGNDAL KOMMUNE](http://kvernhusaugen.barnehage - SOGNDAL KOMMUNE)

Adresse: Mannhellervegen 845
6854 Kaupanger

SAMAN LAGAR ME EIN GOD KVARDAG

Sogndal kommune

Visjon: Livskvalitet og utviklingskraft.

Verdiane til Sogndal kommune er SOGN

Samskaping -	Me jobbar tverrfagleg, tek felles ansvar og skapar saman med dei som bur og lever her.
Open -	Me er ein open og transparent kommune og me er opne for andre sine tankar, idear og innspel
God -	Me møter kvarandre med godt humør, syner omsorg og respekt og er gode på våre arbeidsoppgåver
Nysgjerrig -	Me er nysgjerrige på kvarandre, ser etter nye moglegheiter, lyttar og inviterer til mangfald.

Visjon i Sogndal kommune

Sogndal kommune legg dei overordna rammene for korleis me skal jobba og kva me skal prioritera.

- Barnehagane i Sogndal skal vera prega av tryggleik og tillit.
- Me skal fremja demokrati gjennom respekt og toleranse.
- Gi barna høve til å utvikla evne og talent—individuellt og i saman med andre.
- Me skal ha eit læringsmiljø som fremjar undring og kreativitet, ha plass til alle og ha barneperspektiv.

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon, det betyr at me skal ha ei personalgruppe som jobbar for ein barnehage i utvikling. Dei tilsette skal vere engasjerte og dele kunnskap om korleis ein best kan arbeide mot organisasjonen sine mål. Dei tilsette skal kontinuerleg utforske korleis ein skal lære saman og sjå ting på nye måtar.

Her er ulike lenker til Sogndal kommune sine tverrfaglege prosjekt og handlingsplan:

System for styrka læring; Barnehageutvikling i Sogn regionråd

[Barnehage- og skuleutvikling \(regionraad.no\)](http://regionraad.no)

Livsmeistring; målet er at barn og unge skal bli godt rusta til å takle medgang og motgang i livet og at ungane skal få lik moglegheit til å utvikla god og robust psykisk helse.

[Livsmeistring – robuste barn og unge - SOGNDAL KOMMUNE](#)

Laget rundt barnet; handlar om tidleg innsats. At ein skal gå frå spesialundervisning til tilpassa opplæring og inkluderande praksis

[Sogndal kommune styrkar arbeidet med tilpassa opplæring - SOGNDAL KOMMUNE](#)

Betre tverrfagleg innsats (BTI); Dette er eit arbeidsredskap som me nyttar saman med føresette.

[Sogndal – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sogndal kommune \(betreinnsats.no\)](http://betreinnsats.no)

Rammeplan sitt innhald

Rammeplanen sine fagområde skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehage-kvardagen. Barna lærer gjennom lek, sosialt samspel, i tilrettelagte aktivitetar og i spontane situasjonar. Barn lærer ved å medverke i eit sosialt fellesskap og i ein kulturell samanheng. Barn lærer gjennom egne opplevingar, erfaringar, gjentaking og bearbeiding av inntrykk. Barn er ulike og skal danne si eiga identitet i samspel med familie, barnehage og samfunn.

Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og den skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barnehagen skal og vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.

Barna som går i Kvernhusaugen barnehage skal få oppleve gode leike -og læringsmoglegheiter og føle meistring kvar dag. Dei skal bli sett, få vere trygge, trivast og få omsorg.

Årsplan

Kvar barnehage utarbeidar sin årsplan ut frå barnehagelova, rammeplan for barnehagar og Sogndal kommune sine styringsdokument og handlingsplanar som legg føringar for vårt arbeid i barnehagen

Barnehagelova; <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/barnehageloven/id115281/>

Rammeplan for barnehagen (2017); er ei forskrift til lov om barnehage og skal vera retningsgivande og forpliktande for alle som jobbar i barnehage. I rammeplanen for barnehagen står det kva personalet skal gjere, og den skal vera med å sikra kvalitet i alle barnehagar, uavhengig av eigar. <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

I årsplan informerer me foreldre om det konkrete arbeidet i barnehagen. Årsplanen omfattar såleis det gjennomgåande innhaldet i barnehagen, korleis kvardagen er organisert, og ei oversikt og mål for temaarbeid m.m.

Årsplanen er utarbeidd i samarbeid mellom barnehagen sine tilsette og foreldre og dannar grunnlag for pedagogisk innhald, aktivitetar og samhandling gjennom året. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og dokumenterer barnehagen sine val og grunngevingar.

Kvernhushaugen barnehage

Me har laga oss ein visjon som me ønskjer å strekke oss etter kvar dag.

Visjon - Saman lagar me ein god kvardag

Saman:

i dette omgrepet legg me i alle som me samarbeider med, og me skal i fellesskap gå i same retning for barna. Alle bidrar på sin måte.

- Barna, personalet, foreldre, Furuli barnehage, Kaupanger skule, helsestasjonen, PPT, Barnevern, Politi, BUP, Næringslivet

Verdiane:

Tryggleik - Barna skal vite at me tilsette er til stades for dei. Gje dei støtte og meistring i kvardagen. Syne glede ved å vere saman. Gje dei omsorg, tillit. Lytte og forstå og ha medverknad i kvardagen

Utforsking - Me vil oppfordre/oppmuntre barna til å oppleve og eksperimentere. Me vil ivareta barna sin nysgjerrigheit og undring. Barna kan sanse, søke, oppdage, observere og granske.

At barna kan undersøke ting dei møter på i skogen, vegen, grøftekanten. Me vil at barna skal prøve ut farger, former, myk, hardt og forske på kva kan vi gjere med funna våre.

Leiken - Det skal vere kjekt å leike. Me tilsette skal vere engasjerte, ta initiativ, vere delaktige i leiken saman med barna. Me skal syne glede av å vere aktive og bidra med kreativitet i leik.

Me skal vere engasjerte og kreative tilsette som er med barna i deira leik, fantasi og roller.

sjå vedlegg I dag har vi berre leika...

I barnehage vår er me opptatt av å gje barna eit trygt og godt miljø, der dei kan få utfolde seg og lære gjennom utforsking, leik og aktivitetar.

Gje barna utfordrande opplevingar. Me skal ha eit inkluderande miljø der alle barn føler seg velkomen og sett. Det er og viktig at me tilsette er omsorgsfulle, og at me tilbyr eit variert og tilpassa tilbod som passer for barna sin alder og interesser.

I Kvernhushaugen barnehage tar vi utgangspunkt i **årstidene** og knyter dette opp mot dei ulike fagområda.

SAMAN LAGAR ME EIN GOD KVARDAG

Årshjul for Kvernhushaugen barnehage

[Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver - Lovdata](#)

Aktivitetar til fagområda, og me legg til rette for alder og utvikling.

Kommunikasjon, språk og tekst	Kropp, rørsle, mat og helse	Kunst, kultur, og kreativitet	Natur, miljø og teknologi	Mengd, rom og form	Etikk, religion og filosofi	Nærmiljø og samfunn
Bøker, rim og regler, song-kort, musikk Sanger, Eventyrformidling, samtaler, lytte til andre. Vitsar, gåter, leikeskriving	Motorikk, fysisk aktivitet, Danse, mini-røris, hinderløype, vinteraktivitetar, Turar/leik i skog, lavvo, nærmiljø, Kosthald og hygiene Lysløypa, Skøyte-is akebakken	Male, teikne, perle, pusle, modellerkitt, rolleleik, dramatisering, Song, musikk, klippe, lime, vann/såpe Erfaring med ulike formingsmaterieill, Skapar glede	Uteaktivitetar, turar, gjere eksperimenter med naturen, dyr, ta bilete, IPad, oppdage årstidene, plukke bær, sjå på sopp, dyrespor, dyr, blomst, småkryp og insekter. Eksperimenter med is, snø og vatn Sortering	Telle, stor, liten, bruke preposisjonar, Fargar, sortere, bygge lego, puslespel, samanlikne, former, mønster, spel med reglar, tall mate-matisk omgrep	Undre oss, vere snille med kvarandre, Tradisjonar, påske, jul, Merke-dagar, nasjonal-dag Konflikt og Konflikt-løysing, Sjølvfølelse, sjølvhevding, toleranse Sosial kompetanse, Eigne og andre sine grenser og følelsar	Bruke og bli kjent med nærmiljøet, Turar til bedrifter, leikeplassar, barnehage, skule Lavvo, museum, ViteMeir Trafikk Oppleving av demokrati

Rammeplanen sine fagområde skal gje ei heilheit i barnehagekvardagen. Barna lærer gjennom leik, sosialt samspel, i tilrettelagte aktivitetar og i spontane situasjonar. Barn lærer ved å medverke i eit sosialt fellesskap og i ein kulturell samanheng. Barn sin leik dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda hjå oss.

SAMAN LAGAR ME EIN GOD KVARDAG

Vaksenrolla:

Personalet skal ta utgangspunkt i barna sitt engasjement, og bidreg slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av barna sin kvardag.

- Me tilsette skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer.
- Me tilsette skal vere bevisste og nytte språket i alle situasjonar.
- Gje barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar og kroppsleg leik ute og inne, i og utanfor barnehageområdet.
- Vere lydhøyre, anerkjenne og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur.
- Leggje til rette for mangfaldige naturopplevingar og bruke naturen som arena for leik, undring, utforsking og læring.
- Bruke bøker, spel, musikk, digitale verktøy, naturmateriale, leiker og utstyr for å inspirere barna til å tenkje matematisk.
- Bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssyns messig tilhøyrslø.
- Sørge for at barna erfarer at vala og handlingane deira kan påverke situasjonen både for dei sjølve og for andre.

Vurdering/evaluering

For at planar og opplegg som vi har i barnehagen skal bli best mogleg, må me heile tida evaluere og gi kvarandre tilbakemeldingar på kva som fungerer/ikkje fungerer. Arenaer for dette er gjennom dei ulike møtepunkta våre, i grupper på tvers av avdelingane personalmøte og planleggingsdagar.

Personalet må vera medviten si rolle som førebilete for barna, og vise det i praksis. For å få dette til er me avhengige av å skape eit godt miljø i barnehagen, der det er rom for refleksjon, evaluering, tilbakemelding og utvikling.

Evaluering av arbeidet vårt kan være; organisering av dagen, nytte personalressursane best mogleg, dagsrytmen på avdelinga, grupper, vaksenrolla og endringskompetansen vår.

Tilbakemeldingar vi får frå foreldre/føresette i hente og bringe situasjonen og samtalar med foreldre/føresette.

Mangfald

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Det betyr for oss at barnet skal lære om ulike kulturar og likeverd. Barna skal gjennom eit år i barnehagen få oppleve ulike tradisjonar og markeringar. Barna skal og få innblikk i, og lære om ulike språk. Gjennom orda «God morgon» eller «hallo» på døra til barnehagen viser me dei ulike nasjonalitetane som er representert i barnegruppa og foreldregruppa.

Overgangar, samanhengar

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre legge til rette for ein god barnehagestart, noko vi har gode rutinar og opplegg på. I barnehagen er det overgangar til andre avdelingar og nye grupper. Då er det viktig at vi legg til rette for det, og samarbeider på tvers.

Når dei eldsta barna har eitt år att i barnehage legg vi til rette for samarbeid med Kaupanger skule og Furuli barnehage og vil ha felles opplegg. Denne gruppa kallar vi **KOMPISKLUBBEN**.

Hovudmålet for kompisklubben er å skapa eit godt og inkluderande miljø for borna som skal byrja på skulen. Då legg vi opp til aktivitetar og oppgåver som er i tråd med retningslinjer for overgang barnehage—skule i Sogndal kommune..

http://www.furuli-bhg.no/files/2018/04/plan_for_overgang_barnehage_skule.pdf

Dagsrytmen

0720	Barnehagen opnar
Ca 0720-0830	Frukost / leik
Ca 0830-0930	Leik
Ca 0930	Samling /
1000	Uteleik avd Haugen / avd Skogen Ute / inne Tur i nærmiljøet/skogen/lavvo
Ca 1115-1200	Lunsj
Ca 1200 - 1400	Avd. Haugen sovetid, avd Skogen inne/ute, pauseavvikling
Ca 1330 – 1415	Leik inne / ute
Ca 1415	Frukt
Ca 1445-1620	Leik inne / ute
1620	Barnehagen stenger

SAMAN LAGAR ME EIN GOD KVARDAG

Vedlegg 1.

Når barnet ditt seier at I dag har eg har berre leika...

Da har barnet ditt:



Vedlegg 2. BTI-skjema

BETRE TVERRFAGLEG INNSATS. (BTI) Det er fleire modellar å følgje, og dette er ein oversiktleg overordna modell. Så følgjer det fleire detaljerte modellar innanfor dei enkelte områda.

Denne samhandlingsmodellen nyttar Sogndal kommune. Dette omhandlar blant anna bruk av **stafettlogg**, dokumentasjon, tverrfagleg samarbeid, sikring av gode overgangar og tidleg innsats.

BTI er eit nyttig arbeidsverktøy som skal nyttast i samarbeid med foreldre/føresette. Barnehagen skal saman med foreldre/føresette, undre oss ilag om barnets beste og ha fokus på tidleg dialog og involvering.



Nivå 0— Avklarar om det er grunn til å bli bekymra. (personale og føresette i samarbeid)

Nivå 1— Beskriver innsats innanfor kvart enkelt teneste.

Nivå 2— Beskriver enkelt tverrfagleg samarbeid mellom fortrinnsvis to tenester.


Nivå 3— Beskriver meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester

[Sogndal – BTI – Betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Sogndal kommune \(betreinnsats.no\)](http://betreinnsats.no)

Vedlegg 3. Tryggleikssirkelen

Trygghetssirkelen

med fokus på barnets behov



Denne figuren nyttar personalet i kvardagen. Me brukar tryggleikssirkelen for å forstå barnet betre.

Den trygge base og hamn for barnet er personalet på avdelinga. Den vaksne skal vere der for kvart einiskild born.

Det er ein tilknytings-modell som lærer oss å sjå barnet innanfrå og forstå barnet sine signal betre.

Den skapar eit godt grunnlag for trygg tilknytning.

Det me legg inn av omsorg, trøyst, ømheit, glede og latter kjem ut igjen som psykisk helse og meistring hjå barna, me jobbar med livsmeistring.

Kvart augneblikk er ein byggekloss, der hender og fang er den trygge ladestasjonen der barna kan kome inn, lade batteria og dra ut i leiken igjen, fulle av energi